



Tømrer Sævar Sævarson  
Solendvegen 254  
5936 MANGER

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 15/1482 - 15/17534

Saksbehandlar:  
Bjarte Buanes  
bjarte.buanes@meland.kommune.no

Dato:  
23.09.2015

## Mellombels bruksløyve for bueining i fleirmannsbustad - Fureskjeggvegen 15d på gbnr. 40/5 i Meland kommune

**Administrativt vedtak. Saknr: 344/2015**

**Tiltakshavar:** Tor Oscar Maaseide  
**Ansvarleg søker:** Tømrer Sævar Sævarsson ENK (org.nr. 991 154 167)  
**Søknadstype:** Søknad om mellombels bruksløyve, jf. pbl. (1985) § 99

### BAKGRUNN

Ansvarleg søker (SØK) har gjennom søknad om mellombels bruksløyve dagsett 25.6.2015 erklært at delar av fleirmannsbustaden på gbnr. 40/5 er ferdigstilt i samsvar med gitte ramme- og igangsettingsløyver av 26.5.2010 (DNT-sak 010/10) og 25.2.2013 (DNT-sak 091/13), nærmere bestemt bueininga i bygget si andre etasje (Fureskjeggvegen 15d). Gjennom søknaden vert det òg stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat og at tiltaket elles er utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av pbl. av 1985. SØK har vidare stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk.

Det står enno att arbeid tilknytt husværa i Fureskjeggvegen 15 b og c, samt utomhusareal.

SØK har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til 20.3.2016.

### VURDERING

Kommuneadministrasjonen legg mottatt dokumentasjon til grunn og finn dertil at vilkåra for å gi mellombels bruksløyve for bueininga i Fureskjeggvegen 15d er til stades, jf. pbl. (1985) § 99 nr. 3.

### VEDTAK

<b>Postadresse</b> postmottak@meland.kommune.no Postboks 79, 5906 Frekhaug Besøksadr: Havnevegen 41 A 5918 Frekhaug	<b>Kontakt</b> www.meland.kommune.no Telefon +47 56 17 10 00 Telefaks +47 56 17 10 01	Konto 1503 18 83722 Org.nr. 951 549 770	Kartinfo: <a href="http://www.nordhordlandskart.no">www.nordhordlandskart.no</a>
---	--	--	--

Med heimel i Plan- og bygningsloven (1985) § 99 nr. 3 gir Meland kommune mellombels bruksløyve til bueininga i Fureskjeggvegen 15d på gbnr. 40/5 i samsvar med søknad m/ vedlegg dagsatt 25.6.2015.

Løyvet vert gitt på følgjande vilkår og føresetnader:

1. Løyvet fell bort på fristdato for ferdigattest – 20.3.2016. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyrta.
2. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna formål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve.
3. Løyvet vert gitt på den føresetnad at resten av byggverket – som enno ikkje er ferdigstilt – er utført slik at gjeldande krav gitt i eller i medhald av pbl. om m.a. tilgjenge og tryggleik allereie er stetta for den omsøkte bueininga.
4. Løyvet vert gitt på den føresetnad at òg utomhusareal – som enno ikkje er ferdigstilt – likevel stettar gjeldande krav stilt gjennom respektivt pbl. med tilhøyrande forskrifter og i føresegnene i arealdelen til kommuneplanen til Meland kommune, under dette òg krav til uteareal og parkeringsdekning.

## **ORIENTERING OM KLAGERETT, GEBYRFASTSETTING MV.**

Føreliggjande avgjerd om mellombels bruksløyve er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er mottatt. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Vedtak etter Plan- og bygningsloven inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Gebyr for kommunen si handsaming av søknaden vert ettersendt, jf. høvesvis Plan- og bygningsloven § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste («Gebyrregulativet»). Gebyr ved søknad om mellombels bruksløyve er pt. pålydande kr. 3 000,- jf. Gebyrregulativ (2015) pkt. 10.2.8. Ettersom gebyret er fastsett ved forskrift kan det ikkje klagast over at det vert kravd gebyr eller over storleiken på gebyret, jf. forvaltningslova §§ 3 og 28. Det kan likevel klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. Kommuneloven § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Med venleg helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Bjarte Buanes  
byggjesakkonsulent/juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



**Mottakere:**

Tømrer Sævar Sævarson

Solendvegen 254 5936

MANGER